

1 **No er det fylkesvegane sin tur**

2 354 av landets 356 kommunar har ein eller fleire fylkesvegar. Totalt er det over 40
3 000 kilometer med fylkesveg i dette landet. Felles for dei fleste er den elendige
4 kvaliteten. Vedlikehaldsetterslepet på norske fylkesvegar er anslått til å vera på rundt
5 90 milliardar kroner. Det er eit heilt samferdslebusjett.

6

7 Fylkesvegane er kvardagsvegane til folk flest. Det er også på fylkesvegane dei fleste
8 dødsulukker skjer. Slik ynskjer ikkje senterungdommen at det skal vera. Folk treng
9 trygge vegar over heile landet. Næringslivet treng også eit føreseieleg vegnett slik at
10 dei kan driva næringa si ute i distrikta.

11

12 Dei siste åra har mykje av vegmidlane i landet gått til planlegging og utføring av
13 enorme prosjekt på riks- og europavegnettet. No er det fylkesvegane sin tur!

14

15 Senterungdommen vil:

16

- 17 - At fylkeskommunane får meir midlar til vedlikehald av fylkesvegar.

18

19 Innsendt av Hordaland og Sogn og Fjordane Senterungdom